

Retningslinjer for bruk av førehandsgradering og bruk av «Ikkje publiser» for journalpostar i kommunen sin postjournal:

Fedje kommune føl offentleglova og skal praktisere meirinnsyn. Me har hatt fullpublisering av offentlege dokument i postjournalen sidan 2001.

1. Når ei arkivsak vert oppretta, skal den som oppretter arkivsaka vurdere om materialet er av ein slik art at arkivsaka skal graderast med heimel i lov. Den same vurderinga skal ved kvar oppretting av journalpostar i arivsaka, sidan graderinga ikkje treng å vere lik.
2. Det er ansvarleg sakshandsamar for arkivsaka som har ansvar for at gradering og heimel er korrekt. Med den tekniske løysinga me har i dag, kan me berre gradere heile dokumentet, ikkje berre delar av det.
3. Arkivansvarleg og sørvistorgmedarbeidarane kan vere med og gje råd om gradering, om ønskjeleg.
4. Dokument skal berre graderast om det fins heimel for det i lovverket. Nokre paragrafar er «kan»-paragrafar. Sakshandsamar skal då vurdere om dokumentet ikkje treng å graderast, eller om det i staden for gradering av heile dokumentet, er best å nytte «Ikkje publiser».
5. Me nyttar «Ikkje publiser» etter skjønn. Her er vanlege døme på når me kan vurdere å nytte «Ikkje publiser»:
 - om det er ein opplysning i dokumentet som me ikkje har lov å leggje ut på heimesidene, men dokumentet elles er offentleg (t.d. personnummer eller kontonummer)
 - om dokumentet åleine kan gje feil inntrykk av saka, t.d. før eit svar frå annan part har kome inn. Her er det og i nokre høve mogleg å gradere mellombels.
 - om dokumentet inneheld unødvendig mykje personopplysningar
 - om det er naudsynt for å ivareta innsendar sin integritet. Her er det høve til å ta kontakt med innsendar og spørje om dei ønskjer å omformulere seg i eit nytt brev.
 - opplysningar om lønn, med unntak av lønn/godtgjersle til rådmann, ordførar og varaordførar
 - nabovarsel skal skjermast (etter matrikkellova)

Når kommunen fører offentleg postjournal slik dei skal, må nødvendigvis ein relativ stor del av dokumenta verte unnateke offentlegheit (gradert), fordi me forvaltar mange personopplysningar som er underlagt teieplikt.

Oppdatert 15.01.2020 Dagrun Gunnarson

Tilgjengelig som del av arkivplanen til Fedje kommune på fedje.arkivplan.no og på

F:\Felles\Sørvistorg - rutinar og malar